

PLANOMTALE

# Reguleringsendring etter forenkla prosess for Reguleringsplan for masseuttak og industri, Dimmelsvik, deler av gnr. 113

Planid: 20120007

Gnr: 113 Bnr: 75 m.fl. - Kvinnherad kommune

Dato/revisjon: 12.11.2025, 15.12.2025,  
29.01.2026, 16.02.2026

Forfatter: Omega 365 Protek AS

Oppdragsgjevar: Hardanger Rock AS

Big enough to deliver  
Small enough to care

<b>TITTEL</b> Reguleringsendring etter forenkla prosess for masseuttak og industri, Dimmelsvik, deler av gnr. 113 – Kvinnherad kommune		
<b>PLANID</b> 20120007	<b>DATO</b> 12.11.2025	<b>REV - DATO</b> 15.12.2025 29.01.2026 16.02.2026
<b>PROSJEKTNUMMER</b> 14447	<b>VERSJON</b> 01	
<b>OPPDRAGSGJEVAR</b> Hardanger Rock AS	<b>OPPDRAGSGJEVAR REFERANSE</b> Kjell Apeland	
<b>UTFØRT AV</b> Kjerstina Særsten	<b>KONTROLLERT AV</b> Elisabeth Silde	
<b>EKSTRAKT</b> <p>Innsending av forslag til reguleringsendring etter forenkla prosess, jf. pbl § 12-14 til Kvinnherad kommune med bakgrunn i at ein ønsker å justere nokre av dei gjeldande reguleringsføresegnene, blant anna for å kunne utnytte bergressursen i eit delområde som tidlegare berre var regulert til lausmasseuttak, samt å legge til rette for utbygging på to tomter i området utan krav om detaljregulering etter føresegnene §7 bokstav E).</p>		

## Innhald

<b>1. BAKGRUNN – FØREMÅLET MED ENDRINGA</b>	<b>4</b>
<b>2. PLANPROSESS</b>	<b>4</b>
<b>3. PLANSTATUS</b>	<b>5</b>
3.1 OVERORDNA PLANAR.....	5
3.2 GJELDANDE REGULERINGSPLAN.....	7
<b>4. SKILDING AV PLANOMRÅDET – DAGENS SITUASJON</b>	<b>8</b>
<b>5. SKILDING AV REGULERINGSENDRINGA</b>	<b>9</b>
5.1 ENDRINGAR AV PLANENS FØRESEGNAR.....	10
<b>6. ROS ANALYSE</b>	<b>13</b>
6.1 FLAUM, OVERVATN OG SKRED.....	16
6.2 STORMFLO OG HAVNIVÅSTIGNING.....	19
6.3 HANDTERING OG/ELLER TRANSPORT AV FARLEGE STOFF – REAKSJONSFARLEG, TRYKKSETT ELLER EKSPLOSIVT.....	19
6.4 TRAFIKKTRYGGLEIK.....	20
6.5 FORUREINING.....	20
<b>7. VERKNADAR / KONSEKVENSAAR AV ENDRINGA</b>	<b>21</b>
7.1 VURDERING ETTER FORSKRIFT OM KONSEKVENSAUTGREIING.....	21
7.2 LANDSKAP.....	25
7.3 PLANKRAV.....	26
7.4 VURDERING ETTER NATURMANGFALDLOVA §§ 8-12 OG VASSRESSURSLOVA § 12.....	27
<b>8. AVSLUTTANDE KOMMENTAR</b>	<b>28</b>
<b>9. VEDLEGG</b>	<b>28</b>

## 1. Bakgrunn – føremålet med endringa

På vegne av forslagsstillar, Hardanger Rock AS, søker Omega 365 Protek AS om reguleringsendring etter forenkla prosess for «Detaljreguleringsplan - deler av gnr. 113 m.fl. - utviding av massetak - Dimmelsvik - Norstone AS» (planID 20120007), jf. plan- og bygningslova §12-14 2. ledd.

Viser for øvrig til tidlegare dialog mellom Kvinnherad kommune og Hardanger Rock AS om denne søknaden.

Uttak av massar i området har pågått sidan 1975. Først i regi av selskapet Norsk Sand AS, som i 1994 mellom anna vart kjøpt opp av Aker Singel og Grus AS. Aker Singel og Grus AS endra i 1996 namn til Norstone AS. Norstone AS var initiativtakar til den aktuelle reguleringsplanen.

I 2014 vart avdelinga i Dimmelsvik seld til selskapet Hardanger Rock AS (forslagsstillar), som sidan har drive uttak og sal av pukkmassar i området.

Sidan 2013 har det ikkje vore gjennomført uttak av grusmassar på delområde M\_2a. Dette har samband med at den delen av grusressursen i området som kunne nyttast som byggmateriale, er uttømt. Dei resterande lausmassane i området er ikkje eigna til vidareforedling til byggeformål, då dagens krav til byggeråstoff er sprengt fjell.

For å leggje til rette for framtidig drift, og samstundes opne for moglegheiter for samdrift med annan type næring i området, ønskjer forslagsstillar no å planleggje ei utviding av det eksisterande steinuttaket mot vest. I den samanhengen har det oppstått behov for å gjere nokre endringar i gjeldande reguleringsplan.

## 2. Planprosess

Ved endring av reguleringsplanar er det plan – og bygningslovas § 12-14 som gjeld.

Det er ikkje krav til varsel om oppstart av planarbeid ved utarbeiding av endringar etter forenkla prosess. Planforslaget vert sendt ut på høyring som del av varslinga om planarbeid.

For at ei reguleringsendring skal kunne handsamast etter forenkla prosess skal endringa:

- I liten grad kunne påverka gjennomføringa av planen for øvrig,
- Ikkje gå utover planens hovudrammer
- Ikkje råke ved omsynet til viktige natur- og friluftsområde.

Vurdering av om planendringa oppfyller vilkår for forenkla prosess etter pbl. § 12-14 går fram av kapittel 7 – Verknadar av endringa og 8 – Avsluttande kommentar til slutt i dokumentet.

### 3. Planstatus

#### 3.1 Overordna planar

##### Kommuneplan 2016-2026 – Gjeldande arealplan

I gjeldande kommuneplan for Kvinnherad 2016-2026 er området avsett til fleire ulike formål; næring, naust, nåverande og framtidig LNF og råstoffutvinning. Området er og omfatta av faresone ras/skred og flaum, støysone, sikringsone langs høgspont, og føresegningsområde (#A).

Føresegningsområde #A går fram av kommuneplanens føresegner punkt 2.2.3 å vere at gjeldande reguleringsplan gjeld saman med kommuneplanen. Ved motstrid gjeld kommuneplanen. Der detaljar i reguleringsplanen viser formål som naturleg høyrer til hovudføremålet som til dømes grønstruktur, leikeareal, vegar eller parkbelter/bufferzoner i næringsområde, gjeld desse framføre kommuneplanen.




Figur 1 - Utsnitt av gjeldande arealdel av kommuneplanen for Kvinnherad, kjelde: kommunekart.com

##### Kommuneplan Kvinnherad 2050 – Planforslag – ikkje vedtatt

I utkast til ny arealplan for Kvinnherad kommune, Kvinnherad 2050 PlanID 20190007, som blei lagt ut på høyring 26.4.2023, er heile uttaksområdet avsett til råstoffutvinning i samsvar med gjeldande


reguleringsplan. I tillegg er område for råstoffutvinning utvida med ca. 56 daa. mot vest. Området er omfatta av ei fleire fare- og omsynssoner, blant anna ras- og skredfare og støysone (vegtrafikkstøy langs fylkesveg).



Figur 2 - Utsnitt av revidert arealplanforslag for Kommuneplan Kvinnherad 2050, kjelde: kommunekart.com

### 3.2 Gjeldande reguleringsplan

Reguleringsplan for masseuttak og industri, Dimmelsvik, deler av gnr. 113, ikraft frå 22.03.2012, gjeld for området. Sørleg del er avsett til masseuttak, der austleg halvdel er masseuttak for grus- og fjellmassar, medan vestleg halvdel berre kan nyttast til grusuttak. Langs sørsida av fv. 500 – Omvikedalsvegen er det regulert byggeområde for industri/lager og eit område for kraftverk lengst aust med tilhøyrande tilkomstvegar. På nordsida av Omvikedalsvegen langs sjø er det avsett område for friluftsområde, industri, naust, offentleg friområde og parkering. Sjøområda er avsett til trafikkområde, friområde og friluftsområde i sjø.




Figur 3 - Gjeldande reguleringsplan, kjelde: arealplaner.no

Planen er i hovudsak realisert langs sjø, med naustområde og sjøretta næring. Masseuttaket er i full drift i den austlege delen. I den vestlege delen er masseuttak avgrensa til uttak av grusmassar. Denne ressursen var i utgangspunktet tømd allereie på tidspunktet når reguleringsplanen blei vedtatt, og det har ikkje blitt drive aktivt uttak i dette området sidan 2013. Byggeområda for industri har nokre bygg, og knuseverk knytt til masseuttaket.

Etter avslutta drift i masseuttaket er områda regulert til industri / lager, landbruksområde skogbruk / jordbruk eller friluftsområde.

Det er ikkje andre reguleringsplanar i nærleiken, og me er ikkje kjent med at det er pågåande planarbeid i nærområdet.

#### 4. Skildring av planområdet – dagens situasjon



Figur 4 - Oversiktskart, der området er merka med pil, kjelde: kommunekart.com

Området ligg ved Dimmelsvik/Omvikdalen, mellom Rosendal og Uskedalen i Kvinnherad. Planområdet ligg til Kvinnheradsfjorden, sør for Hardangerfjorden. Del av fylkesveg 500 – Omvikdalsvegen går gjennom planområdet.

I aust følgjer plangrensa Oksareelva ned til sjøen, inkludert eit mindre område på austsida der det er plassert eit minikraftverk. I sør (oppe i lia) følgjer plangrensa kote 110. I vest ligg plangrensa langs eigedomsgrrensa mot bnr. 6. Mot sjøen følgjer plangrensa delvis vasskanten og delvis riksveg 500. Planområdet har eit areal på 360 dekar, men denne planendringa gjeld for delområde som er avsett til steinbrot og masseuttak.

I tabellen under ser ein oversikt over eigedommar og grunneigarar i planområdet. Det er i hovudsak private grunneigarar, men kommunen og fylkeskommunen er og grunneigar innanfor området.

Gnr/bnr	Grunneigar
113/2	Solveig H Sandvik og Tor G Sandvik
113/7, 65	Kjell Apeland
113/8 og 62	Audun Hjelmeland, Magne Hjelmeland
113/19, 34, 25, 45, 72	Stokkogstein Eigedom AS

113/36	Sigmund Hjelmeland
113/41	Brit J Veastad Hjelmeland
113/43, 42	Gunvor H Mæland og John Kåre Mæland
113/37, 58	Kvinnherad kommune
113/35, 68	Johannes A Hjelmeland AS
113/23	Gustav Tveito og Lars Tveito
113/50	Terje Sandvik
113/51	Elling Kåre og Solveig Henny Haveland
113/52	Astrid B Hass og Rune Hass
113/53	Conny Johanne og Svein Arne Hylland
113/56	Øyvind Sandvik
113/38	TT Eigedom AS
113/47	Vestland fylkeskommune
113/55	Ølver Haveland
113/64	JG Maskin AS
113/75	Kari Hegland, Åse Madsen, Anne-Grethe Rantrud

Landskapet si hovudform er definert av bratte fjellsider langs fjorden, med fleire dominerande fjelltoppar, nærast er fjellet Råkjo (ca 890 moh) sør for planområdet. Det er tett skog omkring dagens masseuttak.

Ved utarbeiding av gjeldande reguleringsplan vart det gjennomført naturkartlegging med verdivurdering for naturmangfald. Det vart ikkje påvist særleg verdifulle dyre- eller planteartar, og konklusjonen frå verdivurderinga var at fråver av særlege naturkvalitetar i utgreiingsområdet medfører at reguleringsplanen ikkje vart vurdert å få konsekvensar for biologisk mangfald. Gjennomgang av tilgjengelege kartbasar viser at det ikkje er nyare registreringar av verdifullt naturmangfald.

## 5. Skildring av reguleringsendringa

Tiltakshavar ønsker å endre reguleringsplanen slik at den vestlege halvdel av masseuttaket kan nyttast til uttak av fast fjell, og ikkje berre grusmassar som nå. Felt M 2a som ein ønsker å endre slik at det kan nyttast til uttak av fast fjell har eit areal på ca. 117 dekar og omfattar gnr./bnr. 113/75 der Kari Hegland, Åse Madsen, Anne-Grethe Rantrud er grunneigar.

Gjeldande reguleringsplan stiller krav om detaljregulering ved oppføring av bygningar i store delar av området. Tiltakshavar har fått frådelt to tomter med konkrete utbyggingsplanar. Denne planendringa set rammer for utbygging på desse tomtene, slik at dei kan byggjesøkast direkte utan krav om ny reguleringsplan. I dei endra føresegnene er det fastsett planeringshøgde, utnytting, byggehøgde og byggegrense mot fylkesveg for dei to tomtene.

Planeringshøgda er sett med utgangspunkt i høgda den bebygde nabotomta er planert på, samt i forhold til nivået på fylkesvegen. Gjeldande plan angir ei utnyttingsgrad på 100 % BRA av tomtearealet. Næringsbygg har ofte stor romhøgde for å kunne romme maskinar og utstyr. For bygningar med stor romhøgde regnast BRA som om det var lagt eit plan for kvar tredje meter i høgda, noko som gir behov for relativt høg BRA. Me foreslår difor ei utnyttingsgrad på 75 % BRA, sidan det er planar om verkstad med romhøgde opp mot maksimal byggehøgde, kombinert med kontordel i to etasjar.

Byggehøgda på eksisterande bygg på gnr. 113 bnr. 64 er målt til ca. 9,6 meter jf. kommunekart.com. Det blir derfor lagt til grunn tilsvarande, 10 meters byggehøgde målt frå planert terreng, for dei to nabotomtene. Dette samsvarar og med ønska utbygging.

Avstanden mellom eksisterende bygg og fylkesvegen er ca. 30 meter, og føresegnene fastset same avstand for nye bygg.



Figur 5 - Utsnitt av 3D-modell som viser dagens situasjon (NB – Berre øvre del av eksisterande bygg på gnr./bnr. 113/64 viser her). Dei to nemnte tomtene ein ønsker å bygge ut er markert med oransje piler, kjelde: 3d.kommunekart.com

Plankartet vert ikkje endra, berre føresegnene er foreslått justert. Gjennom nye vurderingar, med utgangspunkt i oppdatert kunnskapsgrunnlag og dagens metodikk, er planen vurdert med omsyn til samfunns- og miljøverdiar samt risiko- og sårbarheit, og naudsynte føresegner er lagt inn for å sikre tilfredsstillande risiko.

## 5.1 Endringar av planens føresegner

Forslag til endringar i reguleringsplanens føresegner er markert med raud tekst i føresegnsdokumentet. Hovudendringane er:

### 3.2 Industri / lager I2, I4 og I6

Områdene reguleres til industri/lager. **For områder som er omfattet av plankrav etter § 7 E gjelder maks utnyttelsesgrad ~~settes til~~ BRA=100 % av tomteareal.** I forbindelse med utbygging skal det etableres hensiktsmessig inngjerding mot fylkesvegen. Plassering og utforming avklares i rammesøknad.

#### 3.2.1 Bestemmelser for tomter uten plankrav innenfor I2 og I4.

**Det skal sikres trygge trafikkforhold med tilstrekkelig manøvreringsareal og parkeringsløsninger på egne tomter. Kommuneplanens føringer for parkeringsdekning for næringsformål skal legges til grunn. Bygninger skal plasseres minimum 30 meter fra nærmeste vegkant langs fylkesveg 500 - Omvikkalsvegen.**

Byggeområde I4 skal bebygges etter gjeldende føringer:

Planeringsnivå: +7 moh.

Maksimal utnyttning: 75 % BRA.

Maksimal byggehøyde: 10 meter målt fra planert terreng.

Eiendom med gnr. 113 bnr. 65 (innenfor I2) skal bebygges etter gjeldende føringer:

Planeringsnivå: +9 moh.

Maksimal utnyttning: 75 % BRA.

Maksimal byggehøyde: 10 meter målt fra planert terreng.

Tiltakene skal dokumenteres med situasjonsplan og terrengsnitt ved byggesøknad.

#### § 6 Spesialområde – 6.1 Masseuttak M2a

I området kan det tas ut grusmasser og faste fjellmasser. Etter avslutta uttak av masse er område M2a regulert til landbruksområde, og opparbeides som utmark / beite. ~~Istandsetting skal skje i samsvar med avslutningsplan datert 6. sept 2011. Skråningene slakes ut og rundes av, og d~~ Det tilbakeføres jordlag med minst 1 meters tykkelse. Området revegeteres med stedeegne arter.. Anvisninger i fagrapport om Biologisk mangfold ved planlagt masseuttak, datert 01.06.09, jfr konsekvensutredning, legges til grunn ved planting.

#### § 2.1 Driftsplan, avslutning og istandsetting

I samband med at området M 2a skal nyttast til fjelluttak, er det naudsynt å ta ut del av føresegn 2.1 som gjeld istandsetting etter endt uttak i felt M 2a. Området vil ikkje berre vere lausmasseuttak, men vil òg få fjellskjeringar i bakkant. Føresegna som skal takast ut er:

~~Terrenget innenfor området M2a skal i størst mulig grad ha tilsvarende helning som naturlige skråninger ellers i området, og ingen skråninger skal være brattere enn 1:1,5.~~

#### § 7 Rekkefølge – gjennomføring

~~E.~~ For områdene I1, I2, I3, ~~I4~~, I6, I8 og M5 skal det enkeltvis eller felles utarbeides detaljerte reguleringsplaner før ny bebyggelse kan gjennomføres. ~~For gnr/bnr 113/65 innenfor område I2 gjelder ikke krav om detaljreguleringsplan.~~

F. Før det kan gis igangsettingstillatelse for nye tiltak innenfor gnr. 113 bnr. 64 og 77, skal teknisk plan for avkjørsel til eiendommene, i henhold til reguleringsplanen og gjeldende veinormaler være godkjent av rette vegstyresmakt. Gjennomføringsavtale skal være inngått med vegmyndighet før det kan gis byggetillatelse til avkjørselen.

Avkjørselen skal være ferdig opparbeidet og godkjent før det kan gis midlertidig brukstillatelse eller ferdigattest for nye tiltak innenfor gnr. 113 bnr. 64 og 77.

Det er elles mindre endringar som følgje av endringane over og endring av Hordaland fylkeskommune til Vestland fylkeskommune, samt at vegnummer på fylkesvegen er endra frå 48 til 500. Som følgje av

innspel frå naboar ved høyring av planendringa er det og nokre mindre justeringar i føresegnene (føresegn 4.2 og 6.7).

Som følgje av konklusjonar i ROS-analysen i neste kapittel er det lagt til følgjande føresegner for å ivareta risiko og tryggleik:

§ 2, punkt 2.4, andre avsnitt:

Det skal tas hensyn til økt overvann både under og etter drift av masseuttaket, slik at nedstrøms områder ikke utsettes for økte vannmengder. Ved behov skal overvann håndteres ved infiltrasjon og fordrøyning innenfor planområdet.

## 6. ROS analyse

Plan- og bygningslova § 4-3 set krav til vurdering av risiko- og sårbarhetsforhold i samband med utarbeiding av reguleringsplanar. Ved planendring etter forenkla prosess skal det vurderast om endringa kan ha vesentlege konsekvensar, og det kan vere behov for å sjå på oppdatert kunnskapsgrunnlag dersom endringa rører ved tema der det har skjedd nye vurderingar eller komme nye krav/metodikk.

Kvinnherad kommune har vedtekne akseptkriterium og metode for ROS-analysar til bruk ved arealplanlegging, som blei vedtatt i Kommunestyret den 21.02.2013<sup>1</sup>. Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap har utarbeida rettleiar *Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging (2017)*<sup>2</sup> som skildrar metode for risiko- og sårbarhetsanalyse. Metodikken er stort sett lik i desse to dokumenta. Kvinnherad sine akseptkriterium er nytta for fastsetting av sannsyn og konsekvens, men for ras/skred og flaum legg me til grunn tryggleikskrava gitt i Byggeteknisk forskrift – TEK 17.

Grenseverdier for sannsyn	
Sannsyn	Frekvens
1. Særs lite sannsynleg	Sjeldnare enn ein gang kvart 5000. år
2. Lite sannsynleg	Meir enn ei hending kvart 5000. år, men mindre enn ei hending kvart 1000. år
3. Moderat sannsynleg	Meir enn ei hending kvart 1000. år, men mindre enn ei hending kvart 200. år
4. Sannsynleg	Meir enn ei hending kvart 200. år, men mindre enn ei hending kvart 20. år
5. Mykje sannsynleg	Oftare enn kvart 20. år

Figur 6 - Grenseverdier for sannsyn vedtatt av Kvinnherad kommune

For flaum og stormflo har TEK17 §7-2 følgjande tryggleikskrav som må leggest til grunn for vurdering av sannsyn:

F	Sannsynsklasse	Kor ofte kan ein vente hendingar:	Sannsyn (per år)
F1	Høg	1 gong i løpet av 20 år	1/20
F2	Middels	1 gong i løpet av 200 år.	1/200
F3	Låg	1 gong i løpet av 1000 år	1/1000

Figur 7 – Grenseverdier for flaum, kjelde: TEK17

For skred har TEK17 §7-3 følgjande tryggleikskrav som må leggest til grunn for vurdering av sannsyn

S	Sannsynsklasse	Kor ofte kan ein vente hendingar:	Sannsyn (per år)
S1	Høg	1 gong i løpet av 100 år	1/100
S2	Middels	1 gong i løpet av 1000 år.	1/1000
S3	Låg	1 gong i løpet av 5000 år	1/5000

Figur 8 – Grenseverdier for skred/ras, kjelde: TEK17

<sup>1</sup> Kvinnherad kommune - <https://www.kvinnherad.kommune.no/tenester/plan-bygg-og-egedom/plan/reguleringsplan/startpakke/akseptkriterium-og-ros>

<sup>2</sup> DSB - [https://www.dsb.no/siteassets/rapporter-og-publikasjoner/veileder/samfunnstryggleik\\_i\\_kommunen\\_si\\_arealplanlegging.pdf](https://www.dsb.no/siteassets/rapporter-og-publikasjoner/veileder/samfunnstryggleik_i_kommunen_si_arealplanlegging.pdf)

<b>Grenseverdier for konsekvens</b>			
<b>Konsekvens</b>	<b>Liv og helse</b>	<b>Ytre miljø</b>	<b>Materielle verdier / samfunnsfunksjon</b>
<b>1. Særs liten konsekvens</b>	Ingen eller små personskader.	Ingen eller ubetydeleg miljøskade.	Materielle skadar inntil 100.000 kr. og/eller ingen skade/tap av viktige samfunnsfunksjonar.
<b>2. Liten konsekvens</b>	Personskader med sjukefråvere.	Mindre miljøskadar som naturen utbetrar sjølv.	Materielle skadar 100.000 – 1.000.000 kr. og/eller ubetydeleg skade på eller tap av viktige samfunnsfunksjonar.
<b>3. Middels konsekvens</b>	Alvorleg personskaade og inntil 3 døde.	Stor miljøskade, men som vert utbetra på sikt.	Materielle skadar 1.000.000 – 10.000.000 kr. og/eller kortvarig skade på eller tap av viktige samfunnsfunksjonar.
<b>4. Stor konsekvens</b>	Dødeleg skade, 4 til 10 personar.	Omfattande og langvarig miljøskade.	Store materielle skadar 10.000.000 – 100.000.000 kr. og/eller skade på eller tap av viktige samfunnsfunksjonar.
<b>5. Særs stor konsekvens</b>	Dødeleg skade, fleire enn 10 personar.	Omfattande og uopprettelege miljøskadar.	Særs store materielle skadar > 100.000.000 kr. og/eller varige skadar på eller tap av viktige samfunnsfunksjonar.

Figur 9 – Grenseverdier for konsekvens, vedtatt av Kvinnherad kommune

<b>Er området utsett for eller kan planen medføre risiko for:</b>	<b>Aktuelt for planområdet? Ja / Nei</b>	<b>Grunngeving</b>	<b>Kjelde</b>
<b>Naturhendingar</b>			
Flaum, erosjon og isgang	Ja	Flaumsone i Oksareelva, og aktsemdområde for flaum i bekkeløp i planområdet	Atlas NVE. Flaum er vurdert av Head i skred- og flaumrapport vedlagt (datert 10.10.2025)
Overvatn / ekstrem nedbør	Ja	Som over	Vurdert av Head Energy i nemnde rapport
Stormflo / havnivåstigning	Ja	Del av planområdet ligg langs sjø; stormflo, havnivåstigning og bølger er aktuelt. For F1 er 120 cm over NN2000 anbefalt høyde for planlegging. For F2 er 210 cm anbefalt.	Kartverket.no – se havnivå.
Områdestabilitet – kvikkleire	Nei	Kvinnherad kommune har gjennomført kartlegging av kvikkleirefare. Området ligg ikkje i faresone. Dette stemmer med observasjonar av fjell i dagen i området	Atlas NVE. Vurdering av Head Energy i rapport

Skred – steinsprang, snø, sørpe og lausmasseskred	Ja	Aktsemdområder og fareområder for skred.	Farerapport frå NGI/NVE frå 2015 <sup>3</sup> . Ny vurdering av Head Energy.
Skog-, lyng- og grasbrann	Nei	Ikkje vurdert som særskilt aktuelt for tiltaka. Masseuttaket vil ligge som buffer mellom skog og bygningar	Oversiktskart – kommunekart.com
Sterk vind / storm / orkan	Nei	Ikkje særskilt utsett, ligg skjerma inne i Storesund. Ikkje tiltak som er vurdert særleg sårbare	Oversiktskart – kommunekart.com
Radon	Nei	Ikkje tiltak som krev spesiell merksemd. Vert følgt opp av krav i TEK17	NGU
<b>Menneske- og verksemdbaserte farar</b>			
Handtering av farlege stoff – brannfarleg, reaksjonsfarleg, trykksett	Ja	Aktuelt i samband med at området er regulert til industri/lager	
Eksplisiv vare – lagring / bruk	Ja	Sprengstoff i samband med masseuttak	
Transport / bruk / lagring farleg gods	Ja	Som dei to punkta over, i tillegg nærleik til fylkesveg med slik trafikk	
Storbrann	Nei	Ikkje særskilt aktuelt. Truleg stor avstand mellom næringsbygg, samt krav til tryggleik mot brann	
Ulykker – trafikk	Ja	Nærleik til veg.	
Ulykker – skip / fartøy	Nei	Det er industrikai i området, men avgrensa med personopphald og skipstrafikk i dette området.	
Fysisk øydelegging kritisk infrastruktur	Nei	Rekkefølgekrav i gjeldande føresegner om nedgraving av høgspenn	
Sårbare objekt	Nei	Ikkje sårbare objekt	
Samlokaliseringsproblem	Nei	Ikkje aktuelt	
Forureining – i grunnen /luft	Ja	Støy, støv i samband med masseuttak	

<sup>3</sup> NVE - [Rapport](#)

Stråling frå kraftliner	Nei	Rekkefølgekrav i gjeldande føresegner om nedgraving av høgspent	
Dambrot	Nei	Ikkje demning som vil medføre fare	
Innsattid og kapasitet naudetatar	Nei	Kvinnherad har brannstasjon og legesenter i Rosendal (10 min) og brannstasjon i Uskedalen (23 min)	Kvinnherad.kommune.no – vakt og beredskap
Kriminalitet, sabotasje og terror	Nei	Ikkje vurdert som aktuelt	

## 6.1 Flaum, overvatn og skred


Gjennom Kåradalen renn elva Oksarelva, elles er det fleire mindre bekker som drenerer parallelt ned mot planområdet. Planområdet er omfatta av aktsemdområder for snøskred, jord- og flomskred, steinsprang og flaum.

I 2015 gjorde NGI, på oppdrag av NVE, ei skredfarekartlegging av fleire utvalde områder i Kvinnherad kommune, blant anna ved masseuttaket i Dimmelsvik. Det blei utarbeida faresoner for skred i det aktuelle området. Head Energy AS har på oppdrag frå Hardanger Rock AS vurdert korleis endringa av reguleringsplanen med utviding av eksisterande berguttak endrar skred- og flaumfare. Rapporten ligg vedlagt, og denne konkluderer med følgande for skredfare:

*Alle skredfarer innad i planlagt tiltak (steinbrudd) vurderes nært uendret fra NGIs vurdering som følge av ytterligere ekspansjon av masseuttaket. Utløpsdistanser til aktuelle skredtyper vil reduseres, da steinbruddet vil fungere som en oppsamlingsgrop for skredmateriale. Dette medfører at skredsikkerheten vurderes høyere langs fylkesveg og infrastruktur på nedsida (nord for) av planlagt tiltak. Skredfare innad i planlagt tiltak beholdes uendret.*


Kartet under viser skredfaresonene for tryggleiksklasse S1 (100 års sannsyn) og S2 (1000 års sannsyn) over gjeldande reguleringsplan. Det er ikkje aktuelt med S3-tiltak innanfor planområdet – difor er ikkje denne skredsona vist.

- Lengst aust ligg ein **mindre del** av byggeområda for industri/lager, kraftverk, samt naust og parkering, innanfor område med skredfare (S2). Deler av byggeområda for industri/lager og kraftverk ligg òg innanfor sone S1, medan naust og parkering ikkje gjer det. Naust og parkering er S1-tiltak, og er dermed tilstrekkeleg sikra mot skred.
- Byggeområde I8 som ligg lengst vest er **delvis** omfatta av skredfaresone (både S1 og S2).



Figur 10 - Illustrasjon som viser skredfaresoner over reguleringsplanen, kjelde: <https://kartkatalog.geonorge.no/>

Som Head Energy AS skriv i sin rapport, er det forventa at områda nedanfor masseuttaket; byggeområder, fylkesveg og tilhørende infrastruktur, vil få ei forbetring i skredsikkerheita som følge av endra terrengforhold. Terrengsnittet under viser dagens terreng (raud stipla linje) og prosjektert masseuttak (blå linje), og framtidig vil det vere ein stor flate der det er plass til sikringstiltak for å hindre at skred når den offentlege vegen og busetnad.



Figur 11 - Terrengsnitt som viser nåværande og framtidig terreng i vestleg del av planområdet, kjelde: Ole Jakob Onnes /Omega Protek


Head Energy AS konkluderer med følgende når det gjeld flaumfare:

Flomfaren innad i planlagt tiltak vurderes nært uendret fra NGIs vurdering som følge av ytterligere ekspansjon av masseuttaket. Styrteflom i området tidligere utenfor tiltak vil bli redusert og større berguttak vil føre til større kapasitet på fordrøyning. Flomtiltak (tilstrekkelig drenering) innad i tiltaket bør vurderes, da større vannmengder kan akkumuleres innad i tiltaket ved flomhendelser ved utsprengt planum 10-11 moh.

I følge Head Energy er det etablert erosjonssikring i elveløpet til Oksarelva, og sjølv endringa vil ikkje påverke flaumfaren i Oksarelva då endringa med å utvide eksisterande berguttak gjeld i motsett ende av planområdet.

Head Energy AS skriv at på grunn av auka vassmengder ned mot massetaket vil det vere nødvendig å ha kontroll med vatnet, både i samband med drifta av massetaket og ved utslepp av vatnet vidare ned mot fjorden. Det finst allereie tiltak for handtering av overvatn, men det er viktig at dette systemet kontinuerleg blir vidareutvikla etter kvart som drifta endrar terrenget og meir vatn tilførast. Det utvida steinbrotet vil fungere som eit fordrøyningsbasseng ved flaum, då det midlertidig kan lagre store vassmengder. Dette vil bidra til å forsinke og kontrollere flaumvatn som elles ville treft Omvikdalsvegen og bygg/infrastruktur på nedsida.

Konsekvensar for vassmiljø var eit av tema i KU for gjeldande reguleringsplan. Her går det fram at det skal etablerast ei avskjerande grøft langs oversida av uttaksområdet i samband med uttak av massar, og at vatn føres til Oksarelva eller anna kontrollert elevløp. Dette både for å kontrollert leie vatn, og slik at ikkje unødig mengde vatn kjem i kontakt med slam frå masseuttaket. Desse tiltaka er etablert i dag, sjå foto i Head Energy AS sin skredrapport.



## Konklusjon:

Etter § 7 E) i føresegnene er det plankrav for dei byggeområda som er omfatta av aktsemdområde for flaum og/eller skredfaresoner, og soleis vil desse forholda kunne avklarast nærmare gjennom reguleringsplanprosess for desse områda.

**Flaum:** Endringane vil ikkje medføre endra risiko for flaum i Oksarelva. Felt I6 er delvis utbygd. Det er høve til å bygga meir i dette feltet utanfor aktsemdområde for flaum, men sannsyn for flaum er sett til høg då dette er uavklart (F1 – 1/20 år), og middels konsekvens for materielle verdiar /samfunnsfunksjonar (liv og helse, ytre miljø) er vurdert som lågare konsekvens).

**Overvatn:** Overvatn på avveie er vurdert som høgt sannsynleg i området, og konsekvensane er størst for materielle verdiar og samfunnsfunksjonar. Overvatn frå høgareliggende område blir i dag handtert av drenerande grøfter etc. i masseuttaket. For å sikre at dette framleis blir ivaretatt er det lagt til ny føresegn knytt til dette, både under og etter drift av masseuttaket.

**Skred/ras:** Reell fare for ras og skred er avklart. I følgje Head Energy AS sine vurderingar vil risikoen for ras bli redusert som følgje av planendringa. Lager (i tillegg til industri) som byggeområda er regulert for, er S1 tiltak, og då er det berre ein liten del av I8 som er omfatta av faresone for S1-tiltak. Er det snakk om utbygging til industri med bygningar for personopphold, så er det faresone S2 som gjeld. Då er store deler av felt I8 og mindre del av I6 samt område for kraftverk omfatta av faresone S2. Som Head Energy AS skriv, vil byggeområda i vest som følgje av endringa kunne oppnå tilstrekkeleg tryggleik mot ras/skred. Men det er plankrav til desse områda før utbygging, og skredfare må vurderast nærmare i samheng med regulering av områda.

Faresonene indikerer sannsynet for ras/skred (S1 og S2). Konsekvensane er vurdert å være over middels. Det er sannsynleg at faresonene blir redusert ved realisering av masseuttak av fast fjell, og då kan byggeområda som i dag er omfatta av skredfaresone la seg utbygge.

## 6.2 Stormflo og havnivåstigning

Planområdet er for det meste utbygd i området langs sjø. Kartverket sin kartteneste se-havnivå viser høge vannstandar (stormflo) og havnivåstigning for nå-situasjon og framtidige scenario, med gjentaksintervall tilsvarende sikkerheitsklassane i TEK17, med og utan klimapåslag. Dette kan nyttast til å fastsette nedre byggehøgde i områda som er omfatta av stormflo og havnivåstigning. Karta tar ikkje høgde for bølger, men området ligg skjerna mot fjorden av Snilstveitøy. Eventuelle vind/ bølger frå nord er vurdert å ikkje skje samanfallande med stormflo, ettersom stormflo inntreff som følgje av at høgt astronomisk tidevatn, lågtrykk og vedvarande pålandsver skjer samtidig.

**Konklusjon:** Planendringa medfører ikkje endringar knytt til stormflo og havnivåstigning. I ei kvar byggesak skal potensiell naturfare avklarast, slik at dette blir fanga opp i samband med søknad om tiltak. Byggeområda for industri har i tillegg plankrav før utbygging, slik at dette vil bli nærare vurdert ved ein ny regulering. Me ser difor ikkje behov for tilføyningar i føresegnene.

## 6.3 Handtering og/eller transport av farlege stoff – reaksjonsfarleg, trykksett eller eksplosivt

Området er regulert og nytta til lager/industri og masseuttak, som alle har potensiale for drift eller lagring av farlege stoff. I tillegg går fylkesvegen gjennom planområdet, der det kan vere trafikk med gods som inneheld farlege stoff. Planområdet omfattar ikkje sårbare funksjonar, tett busetnad eller bygg med stort

personopphald. Eventuelle hendinger vil truleg få avgrensa omfang. Slike stoff er underlagt strengt regelverk gjennom forskrift om handtering av farleg stoff og internkontrollforskrifta, med krav til tryggleikssoner, rutinar og beredskap. I følgje Hardanger Rock AS blir ikkje sprengstoff knytt til masseuttaket lagra i området lenger. Gjeldande føresegn 2.2 set føringar for sikringstiltak.

**Konklusjon:** Lågt sannsyn og små konsekvensar med grunnlag i at regelverk vert følgt – ikkje vurdert behov for ytterlegare tiltak i reguleringsplanen.

## 6.4 Trafikktryggleik

Trafikkforhold vil i liten grad bli endra som følgje av å opne for uttak av fjellmassar i eit område til, men tilsvarande trafikk vil fortsette i eit lenger tidsperspektiv når det blir lagt til rette for uttak av meir massar. Transport av masse skjer både via sjø og på veg, og uttaket er styrt av etterspurnaden i marknaden. Interne anleggsvegar i masseuttaket blir heile tida lagt om alt etter utviklinga i masseuttaket, men er berre nytta av verksemda (Hardanger Rock AS).

Den eine næringstomta (gnr/bnr 113 /65) skal utviklast med ny drifts- og verkstadbygning for Hardanger Rock AS, som erstatning for eksisterande bygningar lenger oppe i brotet. Denne utbygginga vil difor ikkje generere ny trafikk i avkøyrsla mot fylkesvegen. Den andre tomta (gnr/bnr 113 /77) skal byggast ut med verkstad/lager og nytta same avkøyrsla som utbygd tomt med gnr/bnr 113/64. Denne avkøyrsla er ikkje etablert i samsvar med reguleringsplanen, og har ei utfordrande utforming.

Fartsgrensa er i følgje vegkarttenesten til Vegvesenet 60 km/t, og årstdøgntrafikk er 2500 ÅDT forbi planområdet. Avkøyrslene ligg på eit rettstrekk med god sikt i begge retningar. Det er regulert friskt som samsvarar med krava i siste utgåve av vegnormal N100. Det er ikkje registrert trafikkulukker i området dei siste 20 åra. Området er i følgje planskildringa for gjeldande plan lite brukt av gåande og syklande.

**Konklusjon:** Som nemnt over er det berre ved utbygging på felt I4 (gnr/bnr 113/77) det vil bli auka trafikk i avkøyrsla mot fylkesveg 500. I og med at denne avkøyrsla ikkje er bygd slik den er regulert er det sett rekkefølgjekrav til utbetring av avkøyrsla i samsvar med reguleringsplanen og gjeldande vegnormalar før det kan givast løyve til nye tiltak på tomtene som er knytt til avkøyrsla (punkt F i føresegnene).

## 6.5 Forureining

Tema knytt til forureining er vurdert i gjeldande reguleringsplan, når det gjeld støy, støv, rystelsar og vassmiljø. Det er generelle føringar i dei gjeldande føresegnene, men grenseverdiar er fastsett i løyvet etter forureiningslova. Det blei utført støy- og støvmålingar (rapportar frå 2012 og 2013 vedlagt) som dokumenterer nivå innanfor gjeldande grenseverdiar. Trass i at rapportane er eldre, er dei framleis relevante då driftsform, utstyr og omfang er uendra.

Tilsvarande som vurdering av trafikk, vil desse forholda også halde fram som i dag, men i eit lengre perspektiv. Det skal nå takast ut fjell lenger vestover, mot ein eigedom der det er ein eksisterande fritidsbustad, med avstand på ca. 200 meter mellom fritidsbustaden og masseuttakets yttergrense. Det vil med det bli sprenging tettare på fritidsbustaden. I dag står allereie knuseverket i denne vestlege delen, og det er denne som utgjør den største og mest kontinuerlege støy- og støvbelastninga.

I gjeldande plan er det vurdert at aktiviteten i uttaksområdet i liten grad vil samanfalle med vanleg bruk av hyttene (helger og feriar). Dette vil framleis gjere seg gjeldande ved vidare uttak.

**Konklusjon:** Uttaket er stort, støy og støvproduksjon er kjente ulemper – høgt sannsyn. Endringa fører ikkje til endringar i rutinar i forhold til i dag – liten konsekvens. Ikkje nødvendig med tiltak utover gjeldande føringar i reguleringsplanen og verksemda sine løyve etter anna lovverk.

## 7. Verknadar / konsekvensar av endringa

### 7.1 Vurdering etter Forskrift om konsekvensutgreiing

KU-forskrifta § 6, 7 og § 8 med tilhøyrande vedlegg I og II, viser kva planar og tiltak som alltid eller kan vere omfatta av konsekvensutgreiing. Vedlegg I til forskrifta listar eksempel på tiltak som alltid skal KU-utgreiast eller vurderast. Masseuttak er nemnt både i vedlegg I og II, der skiljet går på størrelse og mengd masseuttak:

**Vedlegg I** pkt 19: «Uttak av malmer, mineraler, stein, grus, sand, leire eller andre masser dersom minst 200 dekar samlet overflate blir berørt eller samlet uttak omfatter mer enn 2 millioner m<sup>3</sup> masse. Mindre tiltak omfattes av vedlegg II nr. 2a.»

I tillegg pkt. 31: Utvidelser eller endringer av tiltak nevnt i Vedlegg I der utvidelsen eller endringen i seg selv overstiger størrelseskriteriene i vedlegget.

I **vedlegg II** pkt. 2a) Mineraluttak, herunder torvskjæring.

**Vår vurdering:** Felt M 2a har ei overflate på ca. 117 daa, og det er ikkje planlagt uttak over grensa på 2 millionar m<sup>3</sup>. Endringa er difor ikkje vurdert å vere omfatta av tiltak nemnt i punkt 19 eller 31 i vedlegg II og Forskrifta § 6. Heller ikkje § 7 er aktuelt for dette tiltaket. Jamfør § 8 skal planar og tiltak konsekvensutgreiast viss dei kan få vesentlege verknadar etter vurdering av § 10 i Forskrifta. Det gis unntak der tiltaket er konsekvensutgreia i ein tidlegare plan og der tiltaket er i samsvar med denne tidlegare planen – men vår vurdering er at uttaket av fast fjell i område M 2a ikkje er i samsvar med gjeldande plan. Følgeleg må det gjerast ei vurdering etter § 10.

Forskrifta § 10 omfattar kriteria for vurdering av vesentlege verknadar av tiltak som inngår i vedlegg II. Det er utarbeida ein egen rettleiar knytt til § 10-vurderinga av tiltak i vedlegg II – «Når skal tiltak i vedlegg II konsekvensutredes?» (2017)<sup>4</sup>. Denne er nytta som rettleiing i den vidare vurderinga.

Forskrifta § 10	Punkt/kommentarar frå rettleiar til §10	Vår vurdering
Egenskaper ved planen eller tiltaket omfatter:		
a. størrelse, planområde og utforming	Det skal gjøres en konkret vurdering av størrelse på planen eller tiltaket, planområde og utforming	Område som blir endra omfattar om lag 50 % av arealet avsett til masseuttak (117 daa). Det er i gjeldande plan avsett til uttak av lausmassar, og soleis er det ikkje snakk om beslaglegging av nytt areal. Tilsvarande masseutvinning skjer i resterande område for masseuttak og soleis er det ikkje snakk

<sup>4</sup>[https://www.regjeringen.no/contentassets/167047e811414896b04ec2504dd63995/veileder\\_kuforskrift\\_en\\_vesentlige\\_virkninger.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/167047e811414896b04ec2504dd63995/veileder_kuforskrift_en_vesentlige_virkninger.pdf)

		om noko nytt, men heller ein større del med same type formål som elles i området.
b. bruken av naturressurser, særlig arealer, jord, mineralressurser, vann og biologiske ressurser	Det skal vurderes om planen eller tiltaket forutsetter bruk av naturressurser for gjennomføring eller drift, eller om naturressurser inngår i en produksjonsprosess. Dersom planer og tiltak medfører omfattende bruk av ressurser, vil dette normalt utløse konsekvensutredning	Endringa gjeld nettopp utvinning av naturressursar. Området har vore nytta til dette formålet sidan 1970-talet, og soleis veit ein at det er ein god ressurs, og har premisser for utvinning. Det er ikkje snakk om beslaglegging av nye areal / ressursar.
c. avfallsproduksjon og utslipp	Dersom uttak og utnyttelse av metalliske malmer og uorganiske energimineraler vil medføre en høyere andel overskuddsmasse enn produktmengde (dvs. mer enn 50% av det totale uttaksvolumet), eller avfallet omfatter metalliske malmer som for eksempel jern, nikkel, titan og molybden vil dette normalt utløse konsekvensutredning.  Dersom planen eller tiltaket omfatter utslipp av prioriterte miljøgifter, vil dette normalt utløse konsekvensutredning.	Nei    Nei
d. risiko for alvorlige ulykker og/eller katastrofer.	Vurdering av vesentlige virkninger knyttet til risiko for alvorlige ulykker må baseres på om planen eller tiltaket kan føre til ulykker som har store konsekvenser for de omkringliggende omgivelser. Dette er da avhengig av både egenskapene ved det tiltak eller den plan som er planlagt gjennomført og ikke minst egenskapene i de omkringliggende omgivelsene som vil kunne utsettes for en ulykke, for eksempel befolkningstetthet og tidligere etablerte virksomheter og aktiviteter. Hvis risikoen for alvorlige ulykker i et område stiger, vil dette normalt utløse konsekvensutredning.	Risikoforhold er vurdert i ROS- analysen i kap. 6 ovanfor, og funn i denne vil takast omsyn til i utforminga av planendringa og føresegnene. Endringa er vurdert å medføre betra risiko for ras/skred og overvasshandtering.
Lokalisering og påvirkning på omgivelsene omfatter en vurdering av om planen eller tiltaket kan medføre eller komme i konflikt med:		
a) verneområder etter naturmangfoldloven kapittel V eller markaloven § 11, utvalgte naturtyper (naturmangfoldloven kapittel VI), prioriterte arter, vernede vassdrag, nasjonale laksefjorder	Konflikt med eksisterande, føreslåtte eller mellombelse verneområde Forringelse av utvalde naturtyper, eller negativ påverknad for prioriterte artar. Verknadar tiltaket vil ha på forekomsten, naturtypens utbreiing og verdi for heilskapen er viktige vurderingar.	Ikkje registreringar av naturvernområde eller utvalde naturtyper i eller nær området. Vassdrag og sjø har ikkje vernestatus eller nasjonal verdi.  Det er ikkje registreringar av artar med status som prioriterte artar.  Ikkje registrerte freda kulturminne.

<p>og laksevassdrag, objekter, områder og kulturmiljø fredet etter kulturminneloven</p>	<p>→ normalt krav til KU.</p>	<p>Med bakgrunn i dagens bruk og aktivitet i området og kjent kunnskap om natur- og kulturverdier i området, er det vurdert at tiltaka ikkje vil medføre større endringar eller konflikt med naturmangfald eller kulturminne. Tema vert nærare utgreidd i planomtalen.</p>
<p>b) truede arter eller naturtyper, verdifulle landskap, verdifulle kulturminner og kulturmiljøer, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressurser, områder med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og områder som er særleg viktige for friluftsliv</p>	<p>Tiltak som vert lokalisert der det er registrert trua naturtypar eller trua artar → KU</p> <p>Landskap: Verdensarvområder, heilskaplege eller utvalde kulturlandskap, Nasjonalt/regionalt/lokalt viktige landskap med særlege kvalitetar.</p> <p>Sikra friluftsområde, område verdsatt til viktig og svært viktig, overordna turruter → KU</p>	<p>I artskarta til Artsdatabanken er det artsregistreringar langt tilbake i tid, dei fleste frå 1975. Bortsett frå sandsvale (VU-sårbar) er det registreringar av livskraftige artar. Framandarten hagelupin er registrert langs fylkesveg. Kartlegging- og verddivurdering av naturmangfald som blei gjort i samband med gjeldande reguleringsplan avdekkja heller ikkje verdifullt naturmangfald, og konkluderte med at tiltaket ikkje ville få negative verknadar for naturmangfald med særskilt verdi.</p> <p>Det er ikkje registrerte landskaps- eller friluftsverdiar i området. Aust og sør for planområdet er det registrerte friluftsområde med vardistatus - viktig).</p> <p>Med bakgrunn i dagens bruk og aktivitet i området og kjent kunnskap, er det vurdert at endringa i vestleg del av planområdet ikkje vil medføre større endringar eller konflikt med naturmangfald, landskap, kulturminne eller friluftsliv.</p>
<p>c) statlige planretningslinjer, statlige planbestemmelser eller regionale planbestemmelser gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 eller rikspolitiske bestemmelser eller rikspolitiske retningslinjer gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 nr. 77.</p>	<p>Dersom en plan eller et tiltak vil komme i konflikt med formålet eller konkrete retningslinjer i de statlige planretningslinjene/planbestemmelsene, eller det er manglende samsvar med føringer/retningslinjer i regional plan om temaet, vil dette normalt utløse konsekvensutredning.</p>	<p>Området ligg i strandsona, der det etter pbl §1-8 er byggeforbod. Aktuell retningslinje er Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen.</p> <p>Området er avsett til utbygging i gjeldande KPA, og det er angitt byggegrense langs sjø i KPA.</p>
<p>d) større omdisponering av områder avsatt til landbruks-, natur- og friluftsmål, samt</p>	<p>Viktig dyrka mark finnes i arealkategoriene LNF(R) i kommuneplanens arealdel, og områder avsatt til landbruksformål i</p>	<p>Området omfatta av endring er avsett til masseuttak i gjeldande reguleringsplan. Tiltaka vil ikkje medføre større omdisponering av LNF-</p>

reindrift eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksvirksomhet	reguleringsplan, enten som eneste formål eller samlet til landbruks-, natur- og friluftslivsformål. Omdisponering av slike områder vil normalt utløse konsekvensutredning. Med omdisponering menes at tiltaket beslaglegger arealene varig slik at disse ikke kan tas i bruk til landbruksproduksjon igjen. Her må det gjøres en konkret faglig vurdering, der arealkategori og jordkvalitet er viktige utgangspunkt.	område og etter endt masseuttak skal områda tilbakeføres til LNF.
e) økt belastning i områder der fastsatte miljøkvalitetsstandarder er overskredet	Dersom en plan eller et tiltak kan medføre overskridelse av grenseverdier for økologisk og kjemisk tilstand, vil dette normalt utløse konsekvensutredning	Vurdering etter § 12 i Vassforskrifta, er at planlagde tiltak ikkje vil forringe vassmiljø.
f) konsekvenser for befolkningens helse, for eksempel som følge av vann- eller luftforurensning	Tiltak som kan medføre vesentlig luftforurensning → KU	Nei
g) vesentlig forurensning eller klimagassutslipp	Forringa miljøtiltand, særleg for i tilfelle med allereie dårleg tilstand → KU  Herunder støy, stråling, klimagass	Nei
h) risiko for alvorlige ulykker som en følge av naturfarer som ras, skred eller flom.		Naturfarar (ras, skred og flaum) er tema som inngår i ROS-analysen i kap. 6
Eigenskapar ved verknadane (fjerde ledd)		
I vurderingen av om planen eller tiltaket kan få vesentlige virkninger og følgelig skal konsekvensutredes, skal det ses hen til virkningenes intensitet og kompleksitet, sannsynlighet for at virkningene inntreffer og når de inntreffer, varighet, hyppighet og mulighet for å reversere eller begrense dem, om virkningene strekker seg over landegrensene, samt samlede virkninger av forslaget til plan eller tiltak og andre eksisterende, godkjente eller planlagte planer eller tiltak.	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Virkningenes intensitet og kompleksitet</li> <li>- Sannsynlighet for at virkningene inntreffer og når de inntreffer</li> <li>- Varighet og hyppighet</li> <li>- Mulighet for å begrense eller reversere virkningene</li> <li>- Om virkningene strekker seg over landegrensene</li> <li>- Samlede virkninger av forslaget til plan eller tiltak og andre eksisterende, godkjente eller planlagte planer eller tiltak</li> </ul>	Endringa med å tilføye føresegn om at eit av felta også skal kunne nyttast til uttak av fast fjell, på lik linje som resten av masseuttaket er vurdert å ikkje medføre vesentlege verknadar, utover at uttaket vil ha ei lenger levetid og at aktiviteten med det vil halda fram lenger.

**Konklusjon:** Med bakgrunn i vurderingane over, er det vurdert at endringa ikkje vil medføre vesentlege verknadar for miljø og samfunn, og følgeleg at det ikkje er av omfang som krev konsekvensutgreiing etter forskrifta.

## 7.2 Landskap

Konsekvensane for landskap blei vurderte i samband med gjeldande reguleringsplan. Det var også den gongen eit eksisterande masseuttak i området, men ei utviding vart vurdert å ville endre det naturlege landskapet, særleg gjennom fjelluttaket som medfører store og varige endringar i landskapsbiletet. Dette vil òg vere tilfelle for den planendringa som no er foreslått. Som avbøtande tiltak er det i gjeldande plan fastsett krav om tilplanting og revegetering av terrassar mellom fjellskjeringane, slik at vegetasjon skal bidra til å skjerme og dempe inngrepa i terrenget. Illustrasjonen under er henta frå konsekvensutgreiinga til gjeldande plan og viser korleis masseuttaket er tenkt å sjå ut etter avslutting og revegetering. Ein ser at det næraste området har fjellskjeringar, medan dei ytre delane har jamnare skråningar, sidan desse var planlagde som lausmasseuttak. Den planlagde endringa legg no opp til eit tilsvarande masseuttak som i det næraste området, og landskapet vil difor kunne få eit liknande preg i heile uttaksområdet.



*Figur 12 - Uttaksområdet etter avsluttet uttak og revegetering etter gjeldande plan, kjelde: Planbeskrivelse med konsekvensutredning for reguleringsplan for masseuttak i Dimmelsvik, Asplan Viak (10.06.2009)*



Figur 13 - Uttaksområdet slik planendringa legg til rette for, med uttak av fjell i heile området. Det vestlege området blir planert på eit høgare nivå. Denne illustrasjonen viser ikkje tilsåing eller revegetering, kjelde: Ole Jakob Oanes

### 7.3 Plankrav

Punkt E i rekkefølgekrava i gjeldande plan krev detaljert reguleringsplan før oppføring av bygningar i byggeområda I1, I2, I3, I4, I6, I8 og M5. Formålet med plankravet er å sikre eit heilskapleg grunnlag for vidare utvikling og gi høve til medverknad gjennom planprosess. Reguleringsplanar skal avklare arealbruk og rammer for utforming, samt vurdere forhold knytt til landskap, naturmangfald, kulturminne, infrastruktur og risiko- og sårbarheit.

Planområdet er allereie regulert til industri- og lagerføremål, og er vurdert i høve naturmangfald, kulturminne og naturfare. Eventuelle relevante funn er tekne inn i forslaget til endra føresegner. Vegtilkomst er avklart i gjeldande plan. For fleire byggeområde er det samstundes føresegn om at «plassering og utforming avklarast i rammesøknad», sjølv om planen også set plankrav.

Tiltakshavar har fått frådelt to tomter (gnr. 113 bnr. 65 og 77), som utgjer byggeområde I4 og del av byggeområde I2. Nabotomtene er allereie utbygde, og det har tidlegare vore gitt dispensasjon frå plankravet for tilsvarande tiltak i området. Tiltakshavar har tinglyst vegrett frå fylkesvegen til begge tomtene.



Figur 14 – Utsnitt som viser felt I2 og I4 i planområdet, kjelde: kommunekart.com

Tomtene er avgrensa og oversiktlege, og det ligg føre utbyggingsplanar i nær framtid for desse to. Ved å fastsette rammer for planeringshøgde, utnytting, byggehøgder og byggegrense i denne planendringa, samsvarande med etablert struktur i området, vurderast plankravet som unødvendig for dei to tomtene. Fjerning av plankravet endrar ikkje føremålet eller dei overordna rammene for arealbruken, men gir ei meir effektiv byggjesakshandsaming ved at ein unngår ein ny planprosess. Medverknad er sikra gjennom høyring av denne planendringa.

På denne bakgrunn vurderast det at plankravet kan fjernast for dei to tomtene utan at gjennomføringa av reguleringsplanen, hovudrammene eller omsyn til miljø, landskap og samfunnsinteresser blir påverka negativt.

## 7.4 Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12 og vassressurslova § 12

Området er kartlagt av Miljøfaglig Utredning AS i høve naturmangfald i samband med planprosessen for gjeldande plan, og det er ikkje registrert artar eller naturtypar av særleg verdi. Området blei også den gong betrakta som sterkt påverka av ulike menneskelege inngrep som følgje av masseuttak med tilhøyrande vegnett og granplantefelt, og at strandsona den gong og var bebygd. Det blei ikkje påvist kvalitetar eller artar av betydning den gong, og heller ikkje at potensial for at området skal kunne få verdi for planter og artar. Seinare inngrep har ytterlegare redusert naturverdiane, og det er ikkje identifisert nye verdier. Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er vurdert som tilstrekkeleg, og §§ 9–12 vert difor tillagt mindre vekt. Føresegner krev allereie tilbakeføring og revegetering ved avslutting av masseuttak.

Vassforskrifta § 12 kjem til bruk i tilfelle der ny aktivitet eller nye inngrep anten medfører at miljømåla i §§ 4–7 ikkje blir nådde, eller at miljøtilstanden blir forringa. Tiltak skal ikkje forringe miljøkvaliteten i vassdrag, inkludert biologisk mangfald, økologiske funksjonar og vasskvalitet. Forringa tilstand inneber at tilstanden går frå ein klasse til ein annan (til dømes frå god til moderat). Den negative påverknaden må òg vare ei viss tid. Reguleringsplanen omfattar område på land langs sjø og noko sjøareal i Storsundet som er ein del av Hardangerfjorden. I Vann-Nett.no er denne delen av fjorden registrert med moderat økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand, som og er gjeldande for tilliggjande sjøområde.

Endring til fjelluttak, på linje med eksisterande delfelt, vil ikkje påverke miljømåla eller føre til forringing av miljøkvaliteten, då tiltaket skjer innanfor eksisterande rutinar og løyve. På bakgrunn av dette blir det vurdert at § 12 ikkje kjem til bruk.

## 8. Avsluttande kommentar

Vilkåra for å endra ein reguleringsplan gjennom forenkla prosess er at endringa i liten grad påverkar gjennomføringa av planen, ikkje går utover hovudrammene og ikkje rører ved omsynet til viktige natur- og friluftsområde, jf. pbl. § 12-14 andre ledd.

Endringa opnar for fjelluttak i eit delområde tilsvarande områda i resten av masseuttaket, og fjernar plankravet for to tomter. Tiltaka er vurdert å ikkje påverke gjennomføringa av planen eller overskride dei overordna rammene. Lausmassar blir framleis utvunne i felt M2a, medan fjellmassane under kan nyttast som ressurs på same måte som i resten av masseuttaket. Fjerning av plankrav for dei to tomtene, kombinert med klare rammer for vidare utbygging, gir ei effektiv og føremålstenleg utnytting av eit område som allereie er påverka og som ikkje har særleg verdi for miljø, friluftsliv eller samfunnsinteresser.

Vilkåra for bruk av forenkla prosess er med dette vurdert som oppfylt, og det er ikkje identifisert forhold som tilseier at planforslaget ikkje kan handsamast etter pbl. § 12-14.

## 9. Vedlegg

Vedlagte dokument følgjer planskilddinga.

Dokument	Dato	Revisjonsdato
Gjeldande plankart	22.10.2012	30.10.2012
Føresegner	11.11.2025	16.02.2026
<b>Andre vedlegg</b>		
Head Energy AS – Endring av skredfaregrunnlag – Massetak Dimmelsvik, datert 10.10.2025 ( <i>ikkje vedlagt i varslingsbrev, kan ettersendast på epost ved forespørse!</i> )		
Snitt M 2a – A1, datert 12.11.2025		
Støymålinger – Svein Tønnesen (2012)		
Rapport Støvnedfall – Tom Myran (2013)		